



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

DELÅRSRAPPORT

&

REKNESKAP

1. kvartal 2011



Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 31.03.2011

Rekneskapen for 1. kvartal 2011 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 32 "delårsrapportering". Indre Sogn Sparebank er godt førebudd på å avlegge rekneskapen etter IFRS. Ny rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdier i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi. Implementeringseffekten av pensjonar er vesentleg ved at ikkje resultatførde estimatavvik er ført mot eigenkapitalen pr. 01.01.2010. I tillegg er garantiar for valutalån som tidlegare ikkje var rekneskapsført i balansen, teken inn og presentert som ein del av utlåna. Banken har vurdert bygningar, tomtar og finansielle instrument til verkeleg verdi. Det er utarbeida eit notat. "Overgang til IFRS prinsipp" som syner resultat og balanseeffektar ved overgangen til IFRS.

Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 0,85 mill. pr. 31.03.2011, mot NOK 5,29 mill. pr. 31.03.2010. Det skuldast i all hovudsak at banken kunne inntektsføre NOK 2,90 mill. 1. kvartal 2010 under posten pensjonar som ei følgje av ny pensjonsordning (AFP). I tillegg var det noko høgare tap på utlån og garantiar i 1. kvartal 2011. Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 31.03.2011 var NOK 4,20 mill. svakare enn pr. 31.03.2010. Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 31.03.2011 på 1,17 %.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,38 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Dette er ein reduksjon på 0,01% sidan same tid i fjor. Grunna volumauka har rentenettoen auka med NOK 0,57 mill. samanlikna med 31.03.2010. Svak rentenetto skuldast auka konkurranse og pressa marginar.

Driftsinntekter

Pr. 31.03.2011 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 3,34 mill. mot NOK 3,04 mill. pr. 31.03.2010. Dette skuldast auka gebyr- og provisjonsinntekter. Utbyte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med NOK 0,37 mill. pr. 31.03.2011. Til same tid i fjor var det eit positivt bidrag på NOK 0,53 mill.



Driftskostnader

Pr. 31.03.2011 var driftskostnadene NOK 12,88 mill. mot NOK 8,71 mill. til same tid i fjor. Auken i driftskostnader kan hovudsakleg relaterast til personalkostnader vedkomande bankdrifta. Som nemnt vart pensjonskostnadene redusert med NOK 2,90 mill. i 1. kvartal 2010. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer driftskostnadene 1,59 % pr. 31.03.2011 mot 1,14 % i fjor. Kostnadsprosenten pr. 31.03.2011 er 88,13 %. Styret har vedteke å gjennomføre eit inntekts- og kostnadsprogram, som skal gje resultatforbetringar på sikt.

Tap på utlån og garantiar

Banken har pr. 31.03.2011 tapsført NOK 1,04 mill. mot NOK 0,04 mill. til same tid i fjor. I løpet av 1. kvartal 2011, har banken auka individuelle nedskrivningar med NOK 1,33 mill. Gruppenedskrivning er redusert med NOK 0,70 mill. i 1.kvartal 2011. Sum individuelle nedskrivningar utgjer 0,65% og nedskrivning av grupper utgjer 0,17 % av brutto utlån pr. 31.03.2011.

Kapitaldekning

Pr. 31.03.2011 var banken si kapitaldekning 16,55 % mot 17,33 % pr. 31.03.2010 og 16,56 % pr. 31.12.2010. Utrekningsgrunnlaget har minka frå NOK 1.709,67 mill. pr. 31.03.2010 til NOK 1.740,47 mill. pr. 31.03.2011. Banken skal innfri (har CALL) på eit ansvarleg lån stort NOK 50,0 mill. den 3. mai 2011. Som erstatning, har banken utsteda ein konvertibel fondsobligasjon på NOK 60,00 mill. med innbetaling synkronisk med det ansvarlege lånet som skal innfriast. Den nye fondsobligasjonen er godkjend som kjernekapital og er tilpassa Basel III.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 31.03.2011 etter berekna skatt, vart NOK 0,61 mill. mot NOK 3,33 mill. pr. 31.03.2010. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 31.03.2011 utgjer avkastninga NOK 0,34 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Utlån

Sidan årsskiftet har utlåna minka med NOK 15,98 mill. til NOK 2.719,11 mill. eller 0,58 %. Utlån til personkundar har auka med NOK 13,46 mill. medan utlån til næringslivet er redusert med NOK 29,44 mill. I tillegg yter banken NOK 311,98 mill. i lån til banken sine personkundar via Terra Boligkreditt AS. I 2011 er det ein auke i porteføljen på NOK 1,78 mill. Sett i samanheng med Terra Boligkreditt AS, hadde banken totalt ein reduksjon i utlåna på NOK 14,20 mill, eller 0,47 % i 1. kvartal 2011. Veksten dei siste 12 månadane er NOK 198,96 mill. eller 7,89 % på eiga bok.

Innskot

Sidan årsskiftet har innskota i banken gått ned med NOK 0,46 mill. til NOK 1.845,92 mill. Innskot frå personkundar har auka med NOK 30,68 mill. medan innskot frå næringslivskundar er redusert med NOK 31,14 mill. Innskota siste 12 mnd. har auka med NOK 197,50 mill. eller 11,98 %. Innskotsdekninga pr. 31.03.2011 er 67,16 %.



Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital har sidan årsskiftet gått opp med NOK 19,92 mill. til NOK 3.297,50 mill. pr. 31.03.2011, ein auke på 0,61 %.

Utsiktene framover

Resultatet i første kvartal 2011 er denne gongen sterkt prega av innføring av nye rekneskapsprinsipp. Banken har likevel utfordringar på kostnadssida. Styret har sett i gang tiltak for å betra lønsemda. Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Uro i finansmarknaden skaper større usikkerheit om framtidig utvikling enn normalt. Med god soliditet og likviditet er banken godt budd på effektane av ein uroleg marknad. Banken har sikra seg NOK 60 mill. i ny kjernekapital gjennom konvertible fondsobligasjonar tilpassa Basel III. Kapitaldekninga er god og syner tilfredsstillande nivå sett i lys av banken sitt mål for framtidig vekst. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Styret har tru på at resten av året vil utvikle seg tilfredsstillande.

Årdalstangen den 28. april 2011.

Siri Laqmaunsås
Styreleiar

Leif Åberg

Sonja-Mari H. Atterås

Janne Dokken

Harald Blaafflat Mundal

Egon M. Moen
Adm.banksjef

Delårsrekneskap 1. kvartal 2011

				31.03.2011
				i % av gj.sn.
RESULTAT (i 1.000 kr)	31.03.2011	31.03.2010	31.12.2010	forv.kap.
Renteinntekter	30.167	26.709	115.258	3,77 %
Rentekostnader	19.116	16.230	73.680	2,39 %
Netto renteinntekter	11.051	10.479	41.578	1,38 %
Utbyte	221	132	2.759	0,03 %
Provisjonsinntekter m.v.	4.003	3.653	14.359	0,50 %
Provisjonskostnader m.v.	746	759	3.115	0,09 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	146	395	3.409	0,02 %
Andre driftsinntekter	85	142	275	0,01 %
Netto andre driftsinntekter	3.709	3.563	17.687	0,46 %
Løn og generelle adm.kostnader	8.858	4.758	27.842	1,11 %
Avskrivningar på driftsmidler	893	960	3.850	0,11 %
Andre driftskostnader	3.128	2.995	8.468	0,39 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	12.879	8.713	40.160	1,61 %
Tap på utlån	1.035	39	4.394	0,13 %
Driftsresultat før skatt	846	5.290	14.711	0,11 %
Skattekostnad	241	1.445	3.302	0,03 %
Resultat etter skatt	605	3.845	11.409	0,08 %
Utvida resultat				
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	0	-515	-1.081	0,00 %
Utvida resultat etter skatt	0	-515	-1.081	0,00 %
Totalresultat	605	3.330	10.328	0,08 %
Basis og utvatna resultat per egenkapitalbevis	0,34	2,14	6,35	
BALANSE (i 1.000 kr)				
Eigendelar	31.03.2011	31.03.2010	31.12.2010	% av forv.kap
Kontantar og fordringar på sentralbankar	209.935	120.095	188.467	6,37 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	58.261	46.891	32.730	1,77 %
Utlån til kundar	2.719.110	2.520.154	2.735.093	82,46 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	190.378	223.518	199.024	5,77 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal	67.031	60.743	66.931	2,03 %
Utsett skattefordel	3.268	2.104	3.268	0,10 %
Varige driftsmidler	41.662	38.231	42.370	1,26 %
Overtekne og andre eigendelar	7.854	17.308	9.700	0,24 %
Sum eigendelar	3.297.499	3.029.044	3.277.583	100,00 %
Gjeld og egenkapital				
Gjeld til kredittinstitusjonar	223.355	337.967	223.440	6,77 %
Innskot frå kundar	1.845.919	1.648.416	1.846.376	55,98 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	790.892	627.596	769.465	23,98 %
Anna gjeld	97.345	83.818	94.658	2,95 %
Pensjonsforpliktingar	7.763	4.881	8.466	0,24 %
Ansvarleg lånekapital	123.626	123.463	125.383	3,75 %
Sum gjeld	3.088.900	2.826.141	3.067.788	93,67 %
Opptent egenkapital	143.557	135.136	145.358	4,35 %
Innskoten egenkapital	64.437	64.437	64.437	1,95 %
Udisponert overskot etter skatt	605	3.330	0	0,02 %
Sum egenkapital	208.599	202.903	209.795	6,33 %
Sum gjeld og egenkapital	3.297.499	3.029.044	3.277.583	100,00 %
Postar utanom balansen				
Garantiar	100.188	134.716	131.873	
Garanti Terra Boligkreditt AS	38.540	44.096	45.513	
Portefølje Terra Boligkreditt AS	311.983	306.069	310.204	



Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling pr. 31.03.2011

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Annan opptent eigen- kapital	Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjæmnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP	63.250	1.187	116.791	608	3.361			185.197
Reklassifisert utbyte frå gjeld til eigenkapital				537				537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14.769		14.406
Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS	63.250	1.187	116.428	1.145	3.361	14.769	0	200.140
Årets resultat			3.701	4.007	3.701			11.409
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.081		-1.081
Årets totalresultat 2010	0	0	3.701	4.007	3.701	-1.081	0	10.328
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2009				-537				-537
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-135			-135
Eigenkapital 31.12.2010 IFRS	63.250	1.187	120.129	4.615	6.927	13.688	0	209.795
Resultat per 31.03.2011							605	605
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771	-30			-1.801
Eigenkapital 31.03.2011 IFRS	63.250	1.187	120.129	2.844	6.897	13.688	605	208.599

Eigenkapitaloppstilling pr. 31.03.2010

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Annan opptent eigen- kapital	Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjæmnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP	63.250	1.187	116.791	608	3.361			185.197
Reklassifisert utbyte frå gjeld til eigenkapital				537				537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14.769		14.406
Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS	63.250	1.187	116.428	1.145	3.361	14.769	0	200.140
Resultat per 31.03.2010							3.330	3.330
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2009				-537				-537
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-30			-30
Eigenkapital 31.03.2010 IFRS	63.250	1.187	116.428	608	3.331	14.769	3.330	202.903



Kontantstraumanalyse

	1. kvartal 2011	1. kvartal 2010	i 1.000 kr 2010
Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skattekostnad	846	4.775	13.630
Betalt skatt i perioden	-158	-175	-347
Ordinære avskrivningar	893	960	3.850
Nedskrivning/reversering langsiktige verdipapir (utvida resultat)	0	515	1.081
Endring pensjonar	-703	-3.645	-60
Endring utlån kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	0	0	-1.860
Endring utlån	15.983	-9.364	-224.303
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-85	1.001	-113.526
Endring innskot frå kundar	-457	-38.323	159.637
Endringer kortsiktige verdipapir	8.646	-26.097	-1.603
Endring i andre tidsavgrensingspostar	2.240	-4.877	15.076
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	27.205	-75.230	-148.425
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar			
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-185	-639	-7.612
Innbetalningar ved sal av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	0	261	0
Utbetalningar ved kjøp av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	-100	0	-6.301
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-285	-378	-13.913
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar			
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	99.880	114.465	323.651
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-78.000	-270.000	-340.000
Tilbakebetalingar av eigenkapital	-1.771	-537	-537
Utbetalningar til gåver	-30	-30	-135
Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar	20.079	-156.102	-17.021
Netto kontantstraum for perioden	46.999	-231.710	-179.359
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	217.087	396.446	396.446
Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden	264.086	164.736	217.087
Denne er sett saman av:			
Bankinnskot m.v. utan avtalt løpetid	264.086	164.736	217.087



Notar

1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.11 til 31.03.11. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane.
Rekneskapet 01. kvartal 2011 vart vedteke av styret 28. april 2011.

2 Vilkår for utarbeiding av rekneskap for 1. kvartal 2011

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Delårsrapporten er ikkje revidert.

For ytterlegare informasjon, sjå prinsippendringsnotat og prinsipp vist i note 5.3.

3 Rekneskapsprinsipp

3.1 Generelt

Rekneskapet er utarbeida i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastsett av EU. For det avlagde rekneskapet er det ingen forskjellar mellom IFRS som fastsett av EU og IASB. Rekneskapet er utarbeida basert på historisk kost prinsippet med følgjande modifikasjonar: revaluering av tomtar, finansielle derivat og finansielle eigendelar og forpliktingar er vurdert til verkeleg verdi over resultatet. Banken er ikkje konsern og fører soleis berre selskapsrekneskap. Banken vurderer verksemda i banken som ei samla verksemd.

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med IFRS krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av selskapet sine rekneskapsprinsipp at leiinga må utøva skjøn. Område som i høg grad inneheld slike skjønsmessige vurderingar eller høg grad av kompleksitet, eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for rekneskapet, vil verte gjort greie for i note i årsrekneskapen.

Rekneskapet er avlagt under føresetnad om framleis drift.



3.2 Segmentinformasjon

Verksemda har splitta utlån og innskot etter sektor og næring, samt geografi, i balansen. Det vert vist til note 7 for utlån og innskot i banken sitt kvartalsrekneskap, 1. kvartal 2011. Banken har ikkje splitta resultatet på segment. Det går difor ikkje inn som ein del av rapporteringa til leiinga og styret.

3.3 Inntekts- og kostnadsføring

3.3.1 Inntektsføring

Inntekter vert resultatført som følgjer:

3.3.1.1 Sal av tenester

Sal av tenester vert resultatført i den perioden tenesta vert utført.

3.3.1.2 Renteinntekter

Renteinntekter vert resultatført proporsjonalt over tid i samsvar med effektiv rentemetoden. Effektiv rentemetode er ein måte å inntektsføra renteinntekt over relevant periode. Effektiv rente er den renta som nøyaktig neddiskonterer estimerte framtidige kontantstraumar over forventta levetid til den finansielle eigendelen. Kontantstrømmen blir fastsett etter kontraktrettslege vilkår. Ved nedskrivning av fordringar, vert fordringa sin balanseførde verdi redusert til gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er estimert framtidig kontantstrøm diskontert med opprinneleg, eller for lån med varibel rente, sist fastsette effektive rente. Etter nedskrivning, vert renteinntekter resultatførde basert på effektiv rentesats på tidspunktet for nedskrivninga.

3.3.1.3 Inntekt frå utbyte

Utbyteinntekter vert resultatført når rett til å motta betaling oppstår.

3.3.1.4 Andre inntekter

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året vert periodiserte og førde som gjeld i balansen. Opptente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året, vert inntektsførde og oppført som til godehavande i banken sin balanse.

Gebyr som betaling for direkte utførte tenester vert inntektsført på det tidspunktet dei vert betalte.

Provisjonar vert tekne inn og ført i resultatrekneskapen etter kvart som dei er opptente som inntekt eller er påløpne som kostnad.

3.4 Valuta

Fordringar og gjeld i valuta er omrekna til NOK etter midtkursar på Oslo Børs på balansedagen. Inntekter og kostnader i valuta er omrekna til NOK etter kursane på transaksjonstidspunktet. Netto urealisert vinst eller tap på balansedagen vert resultatført.



3.5 Finansielle eigendelar

3.5.1 Klassifisering

Banken klassifiserer finansielle eigendelar i følgjande kategoriar:

- til verkeleg verdi over resultatet
- utlån og fordringar
- eigendelar tilgjengelig for sal.

Klassifiseringa er avhengig av føremålet med eigendelen. Banken klassifiserer finansielle eigendelar ved anskaffelse.

3.5.1.1 Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet

Denne kategorien har to underkategoriar:

- finansielle eigendelar haldne for handelsføremål
- finansielle eigendelar som leiinga initielt har valt å klassifisera til verkeleg verdi over resultatet.

Ein finansiell eigendel vert klassifisert i denne kategorien dersom han primært er anskaffa med føremål å gi fortенeste frå kortsiktige prissvingingar, eller dersom leiinga vel å klassifisera han i denne kategorien.

Eigendelen sin verkelege verdi på balansedagen vert nytta i finansrekneskapet for denne kategorien. Eigendelar frivillig klassifisert til verkeleg verdi, inngår i banken sin likviditetsbuffer og skal raskt kunne omsetjast.

Renteinntekter knytt til verdipapir er inkludert i "Renteinntekter" etter effektiv rentemetoden. Andre verdiendringar inngår i linja "Netto vinst /tap på finansielle instrument".

3.5.1.2 Utlån og fordringar

Utlån er ikkje-derivative finansielle eigendelar med faste eller bestembare betalningar som ikkje er omsett i ein aktiv marknad. Dei er ikkje definert som eigendelar vurdert til verkeleg verdi over resultat eller finansielle eigendelar tilgjengelig for sal.

Banken har klassifisert "Kontantar og fordringar til kredittinstitusjonar", "Utlån og fordringar til kredittinstitusjonar" og "Utlån og fordringar til kundar" i denne kategorien. Utlån vert bokført etter amortisert kost i finansrekneskapet.

3.5.1.3 Finansielle eigendelar tilgjengelig for sal

Finansielle eigendelar tilgjengelig for sal er ikkje-derivative finansielle eigendelar som banken vel å plassera i denne kategorien eller som ikkje er klassifisert i nokon annan kategori. Føremålet med disse eigendelane er å generere inntekter over ein lengre tidshorisont, eller strategiske plasseringar hjå samarbeidspartar. Eigendelen sin verkelege verdi på balansedagen vert nytta i finansrekneskapet for denne kategorien.



3.5.2 Rekneskapsføring og måling

Vanlege kjøp og sal av investeringar vert rekneskapsført på transaksjonstidspunktet, som er den dagen banken forpliktar seg til å kjøpe eller selja eigendelen. Alle finansielle eigendelar som ikkje vert rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet, vert balanseført første gang til verkeleg verdi pluss transaksjonskostnader. Finansielle eigendelar som vert ført til verkeleg verdi over resultatet, vert rekneskapsført ved anskaffinga til verkeleg verdi og transaksjonskostnader vert resultatført. Investeringar vert fjerna frå balansen når rettane til å motta kontantstraumar frå investeringa opphøyrer, eller når desse rettane er blitt overført og banken i hovudsak har overført all risiko og heile gevinstpotensialet ved eigarskapet.

Finansielle eigendelar tilgjengelig for sal og finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet, vert vurdert til verkeleg verdi etter balanseføring førstegang. Utlån og fordringar vert rekneskapsført til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetoden.

Gevinst eller tap frå endringar i verkeleg verdi av eigendelar klassifisert som "finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet, vert tekne med i "resultatrekneskapet under "andre gevinstar/(tap) netto" i den perioden dei oppstår. Endring i amortisert kost vert resultatført. Urealisert gevinst eller tap for finansielle eigendelar klassifisert tilgjengeleg for sal, vert innrekna i eigenkapitalen over utvida resultat, med unntak av nedskrivningar ved verdifall, som vert resultatført. Ved avhending, blir akkumulert verdiendring på det finansielle instrumentet som tidligare er rekneskapsført mot eigenkapitalen reversert og verdiendring blir resultatført.

Verkeleg verdi av børsnoterte investeringar er basert på gjeldande kjøpskurs. Viss marknaden for verdipapiret ikkje er aktivt, eller viss det gjeld eit verdipapir som ikkje er børsnotert, brukar banken teknikkar for verdisetjing, for å fastsetje den verkelege verdien. Desse omfattar nyleg gjennomførde transaksjonar til marknadsvilkår, henvising til andre instrument som i vesentleg grad er like, og bruk av diskontert kontantstraumanalyse. Teknikkane vektlegg marknadsinformasjon i størst muleg grad og i minst grad selskapsspesifikk informasjon. På kvar balansedag vurderer banken om det finst objektive indikatorar som tyder på at verdien av enkelte eigendelar eller grupper av finansielle eigendelar er forringa. For eigenkapitalinstrument klassifisert som tilgjengelig for sal, vil ein vesentleg eller ein langvarig reduksjon i verkeleg verdi av instrumentet under anskaffelseskost òg vera ein indikasjon på at eigendelen er utsett for verdifall. Dersom det ligg føre slike indikasjonar og verdireduksjonar tidligare har vore ført mot utvida resultat, skal det kumulative tapet som er rekna inn i utvida resultat omklassifiserast til banken sitt resultatrekneskap. Beløpet vert målt som differansen mellom anskaffelseskost og dagens verkelege verdi, med frådrag for tap ved verdifall som tidligare er resultatført.

3.6 Innlån og innskot frå og gjeld til kundar

Innlån vert rekneskapsført til verkeleg verdi når utbetaling av innlånet finn stad, med frådrag for transaksjonskostnader. I etterfølgjande periodar vert innlån rekneskapsført til amortisert kost utrekna ved bruk av effektiv rente. Forskjellen mellom det utbetalte lånebeløpet (fråtrekt transaksjonskostnader) og innløysingsverdien, vert resultatført over løpetida til innlånet.



3.7 Utlån og garantiar

3.7.1 Utlån og garantiar i banken

Utlån er vurdert til amortisert kost i samsvar med IAS 39. Amortisert kost er definert som balanseførd verdi ved første gangs måling, justert for mottekne avdrag, ev. akkumulert periodisering av gebyr, provisjonar og liknande, samt ev. nedskrivning for tap. Amortiseringa skal skje ved bruk av effektiv rentemetode. Effektiv rente er den renta som neddiskonterer den forventta framtidige kontantstraum til balanseført verdi av instrumentet.

3.7.2 Utlånsportefølje i bustadkredittselskap

Indre Sogn Sparebank har ei portefølje av utlån som er plassert i bustadkredittselskapet Terra BoligKreditt AS (TBK). Porteføljen vert ikkje bokført i balansen til banken, og vert frårekna etter reglane i IAS 39. Overføring av lån til TBK og rekneskapsmessig handsaming av desse lånene kan delast inn i tre kategoriar etter partsstatus:

3.7.2.1 Nye lån

Når banken etablerer eit nytt lån i TBK, skjer dette ved at ei ny låneavtale vert oppretta der TBK er einaste långivar og part. Det vert utstedt nye lånedokument der det tydeleg går fram at TBK er långivar, og at rolla til banken er å vera ein lokal representant for TBK, herunder å forestå kontakt mellom kunden og TBK. Banken har soleis ingen partsrolle i låneavtalen, og har aldri hatt ei slik rolle i det låneforholdet som er etablert. Det aktuelle lån har soleis aldri vore ein eigendel i balansen til banken, og vert heller ikkje frårekna eller ikkje, er soleis ikkje ei problemstilling for banken si regnskapsføring.

3.7.2.2 Nye lån som innfrir lån i banken

Banken oppretter eit nytt lån i TBK, men heile eller delar av lånet vert nytta til å innfri eit løpande låneforhold i banken. Det forhold at banken ikkje er part i låneavtalen, og heller ikkje har vore part i denne låneavtalen, talar for at slike tilfelle ikkje vert handsama annleis enn lån under kategori 3.7.2.1, og at det lånet som er innfridd i banken vert frårekna i bankens balanse på vanlig måte.

3.7.2.3 Løpende lån som vert overført frå banken sin balanse til TBK

Dette er tilfelle der banken har eit løpande låneforhold med ein kunde, og overdrag (cesjon) dette låneforholdet til TBK. I desse tilfella har banken vore part i ein låneavtale med kunden, og det er denne avtalen som blir overdragen til TBK. Det blir i desse tilfella ikkje oppretta nye lånedokument, og TBK overtek banken sine rettar og plikter etter den gjeldande låneavtalen. Slike låneforhold kan gi grunnlag for ei nærare vurdering med omsyn til om lånet kan fråreknast.

Banken si portefølje i TBK er sett saman av lån i kategori 3.7.2.1 og 3.7.2.2. Det er ikkje overført lån i kategori 3.7.2.3.



3.8 Varige driftsmidler

Forretningsbygningane sin anskaffelseskost er dekomponert og blir avskrivne. Anskaffelseskost inkluderer kostnader som er direkte henførbare til anskaffelsen av egedomen. Bygningane vert avskrivne lineært over forventa brukstid.

Tomtar er vurdert til revaluert verdi, basert på verdivurderingar utført av eksterne uavhengige takstmenn.

Andre varige driftsmidler vert rekneskapsført til anskaffelseskost, med frådrag for avskrivningar.

Påfølgjande utgifter vert lagt til driftsmidla sin balanseførde verdi eller vert balanseført separat, når det er sannsynleg at framtidige økonomiske fordelar knytt til utgifta vil tilflyte banken, og utgifta kan målast påliteleg.

Andre reparasjons- og vedlikehaldskostnader vert ført over resultatet i den perioden utgiftene vert pådregne.

Ein auke i balanseført verdi som følgje av revaluering av tomtar, vert rekneskapsførde i utvida resultat og spesifisert separat. Nedregulering av balanseført verdi ved revaluering som utliknar tidligare verdiauke av same driftsmiddel vert òg ført mot verdireguleringsreserve. Ytterligere nedregulering som følgje av revaluering vert resultatført. Kvart år vert differansen overført mellom avskrivningar basert på driftsmidla sin revaluerte verd, resultatførde avskrivningar, og avskrivningar basert på driftsmidla sin anskaffelseskost til opptent eigenkapital. Tomtar vert ikkje avskrivne. Andre driftsmidler vert avskrivne etter den lineære metoden, slik at anleggsmidlane sin anskaffelseskost eller revaluert verdi, vert avskrive til restverdi over følgjande forventa utnyttbar levetid:

Bygningar	33 år
Inventar	10 år
Tekniske installasjonar	10 år
Edb-utstyr m.m.	3 år
Kontormaskiner og liknande	3 år

Driftsmidla si utnyttbare levetid og restverdi, vert revurdert på kvar balansedag og vert endra viss nødvendig. Når balanseført verdi på eit driftsmiddel er høgare enn estimert gjenvinnbart beløp, vert verdien skriven ned til gjenvinnbart beløp. Gevinst og tap ved avgang, vert resultatført og utgjør forskjellen mellom salspris og balanseført verdi. Når revaluerte driftsmidler vert selde, vert revaluert beløp knytt til driftsmidlet overført til opptent eigenkapital.

3.8.1 Verdifall på ikkje-finansielle eigendelar

Varige driftsmidler og immaterielle eigendelar med udefinert utnyttbar levetid, vert ikkje avskrivne og vert årleg vurdert for verdifall. Varige driftsmidler og immaterielle eigendelar som vert avskrivne, vert vurdert for verdifall når det ligg føre indikatorar på at framtidige kontantstraumar ikkje kan forsvare balanseført verdi. Ei nedskrivning vert resultatført med forskjellen mellom balanseført verdi og gjenvinnbart beløp. Gjenvinnbart beløp er det høgaste av verkeleg verdi med frådrag av salskostnader og bruksverdi. Ved vurdering av verdifall, vert anleggsmidla gruppert på det lågaste nivået der det er muleg å skille ut uavhengige kontantstraumar (kontantgenererande einingar).



Ved kvar rapporteringsdato vert mulegheitene for reversering av tidligare nedskrivningar på ikkje-finansielle eigendelar vurdert. Nedskrivningar på goodwill vert ikkje reversert.

3.8.2 Skatt

Betalbar skatt for perioden vert berekna i samsvar med de skattemessige lover og reglar som er vedtekne, eller i hovudsak vedtekne av skattemyndigheitene på balansedagen. Det er lovverket i dei land der konsernet sine dotterselskap eller tilknytta selskap opererer og genererer skattepliktig inntekt som er gjeldande for berekninga av skattepliktig inntekt. Leiinga vurderer dei standpunkta ein har hevda i sjølvmeldingane der gjeldande skattelover er gjenstand for fortolking. Basert på vurderinga til leiinga, vert det teke avsetjingar til forventna skattebetalingar der dette vert vurdert som naudsynt.

Det er berekna utsett skatt på alle midlertidige forskjellar mellom skattemessige og konsoliderte rekneskapsmessige verdiar på eigendelar og gjeld, ved bruk av gjelds-metoden. Utsett skatt vert fastsett ved bruk av skattesatsar og skattelover som er vedtekne, i det alt vesentleg er vedteke på balansedagen, og som er anteken å skulle nyttast når den utsette skattefordelen vert realisert eller når den utsette skatten vert gjort opp. Utsett skattefordel vert balanseført i den grad det er sannsynleg at det vil liggja føre framtidig skattbar inntekt, og at dei midlertidige forskjellane kan trekkast frå i denne inntekta. Det vert rekna utsett skatt på midlertidige forskjellar frå investeringar i dotterselskap og tilknytta selskap, med unntak av når banken har kontroll over tidspunktet for reversering av dei midlertidige forskjellane, og det er sannsynleg at dei ikkje vil bli reversert i overskueleg framtid.

3.8.3 Kontantar og kontantekvivalentar

Kontantar og kontantekvivalentar er kontantar og innskot i Norges Bank.

3.9 Pensjonskostnader og pensjonsplikter

3.9.1 Pensjonsforpliktingar, bonusordningar og andre kompensasjonsordningar overfor tilsette

3.9.1.1 Pensjonsforpliktingar

Banken si pensjonsordning oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Pensjonsordninga er generelt finansiert gjennom innbetalingar til forsikringselskap, fastsett basert på periodiske aktuarberekningar. Banken si pensjonsordning er ei ytingsplan. Typisk for ein ytingsplan, er ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil få ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av ein eller fleire faktorar slik som alder, antal år i selskapet og løn. Den balanseførde forpliktinga knytt til ytingsplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedatoen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane. Pensjonsliktinga vert utrekna årleg av ein uavhengig aktuar som brukar ein lineær oppteningsmetode. Noverdien av dei definerte ytingane vert bestemt ved å diskontera estimerte framtidige utbetalingar med renta på ein langsiktig statsobligasjon. Endringar i pensjonsplanen sine ytingar vert kostnadsført eller inntektsført løpande i resultatrekneskapet, med mindre rettane etter den nye pensjonsplanen føreset at arbeidstakaren blir verande i teneste i ein spesifisert



tidsperiode (oppteningsperioden). I dette tilfellet vert kostnaden knytt til endra ytingar amortisert lineært over oppteningsperioden.

3.9.2 Bonusplanar

Banken kostnadsfører bonusar når den er vedteken. Utbetaling og vedtak skjer vanlegvis i februar kvart år.

3.9.3 Avsetningar

Banken rekneskapsfører avsetningar for rettslege krav når det eksisterar ein juridisk eller sjølvpålagt forplikting som følgje av tidligare hendingar, det er sannsynlegheitsovervekt for at forpliktinga vil koma til oppgjer i form av ei overføring av økonomiske ressursar og storleiken på forpliktinga kan estimerast med tilstrekkeleg grad av pålitelegheit. I tilfelle der det ligg føre fleire forpliktingar av same natur, vert sannsynlegheita for at forpliktinga vil koma til oppgjer, fastsett ved å vurdera gruppa under eitt. Avsetning for gruppa vert rekneskapsført sjølv om sannsynlegheita for oppgjer knytt til gruppa sine enkeltelement kan vera låg. Avsetjingar vert målt til noverdien av forventa utbetalingar for å innfri forpliktinga. Det vert nytta ein diskonteringsrate før skatt som reflekterer noverande marknadssituasjon og risiko spesifikk for forpliktinga. Auken i forpliktinga som følgje av endra tidsverdi vert ført som rentekostnad.

4 Informasjon om prinsippending

I denne noten føl ei fullstendig beskriving av rekneskapsprinsippa til Indre Sogn Sparebank og presentasjon etter overgang til IFRS.

Dei viktigaste endringane ved overgang frå N-GAAP til IFRS er oppsummert nedanfor.

4.1 Finansielle instrument – aksjar, andelar og eigenkapitalbevis

Etter N-GAAP er aksjar og eigenkapitalbevis handla i ein aktiv marknad vurdert til lågaste verdi av anskaffelseskost og samla marknadsverdi i høve eit porteføljeprinsipp. Etter IFRS er aksjar og eigenkapitalbevis handla i ein aktiv marknad og anskaffa for omsetning og kortsiktig eigartid, klassifiserast i kategorien "til verkeleg verdi med verdiending over resultatet. Verkeleg verdi vert fastsett i høve noterte prisar.

Etter N-GAAP er aksjar som er berekna til varig eige, vurdert til anskaffelseskost med nedskrivning til verkeleg verdi viss verdinedgangen ikkje er forventa å vera av forbigåande karakter. Nedskrivninga vert reversert, når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger vert vurdert til å vera til stades. Dette vil omfatta mellom anna aksjar og andelar utan noterte prisar frå eit aktivt handlande marknad. Desse aksjane og andelane er ikkje haldne til handelseføremål og er av strategisk karakter. Etter IFRS, har banken valt å klassifisera slike aksjar og andelar i kategorien tilgjengeleg for sal.

Teknikkar for verdsetjing basert på til dømes nyleg inngåtte transaksjonar mellom uavhengige partar, vert nytta for å finna verkeleg verdi. Verdiendingar vert presentert under "utvida resultat" (other comprehensive income).



4.2 Finansielle instrument – renteberande verdipapir

Etter N-GAAP er renteberande verdipapir vurdert til det lågste av samla anskaffelseskost og samla marknadsverdi (porteføljeprinsippet). Renteberande verdipapir inngår i banken si likviditetsportefølje som vert forvalta, og deira inntening vert vurdert på grunnlag av verkeleg verdi i samsvar med banken sin risikohandterings- og investeringsstrategi. Informasjonen om forvaltninga vert gitt til leiinga og styret. Etter IFRS skal såleis dei renteberande verdipapira klassifiserast i kategorien "til verkeleg verdi med verdiending over resultatet" etter sokalla "fair value option". Verdsettinga er basert på noterte prisar og meklaranslag.

4.3 Finansielle instrument - utlån

Etter N-GAAP er utlån målt til amortisert kost med fradrag for tapsnedskrivningar. Tilsvarende prinsipp kan anvendes under IFRS.

4.4 Finansielle instrument – tap på utlån

Både etter N-GAAP og IFRS vil utlån målt til amortisert kost vera gjenstand for tapsvurderingar gjennom individuelle og gruppevise vurderingar.

4.5 Gebyr – utlån

Etableringsgebyr og depotgebyr på nye lån vert ikkje fordelt ut over lånets si løpetid i henhold til N-GAAP, men bokført ved etablering av lånet. Engangsgebyrinntekter på nedbetalingslån og kreditter vert etter IFRS aktivert og amortisert over gjennomsnittlig løpetid for henholdsvis nedbetalingslån og kreditter etter effektiv rentes metode.

4.6 Finansielle instrument – verdipapirinnlån

Etter N-GAAP er gjeld stifta ved utsteding av verdipapir rekneskapsført til pålydande med periodisering av over- eller underkurs. Etter IFRS skal innlån rekneskapsførast til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode der over- eller underkurs inngår som del av effektiv rente.

4.7 Pensjon

Banken har periodisert ikkje resultatførde estimatavvik i høve til N-GAAP. Ikkje resultatførde estimatavvik er inntektsført i 2010 i høve til IFRS.

4.8 Presentasjon – klassifisering av utbyte

Etter N-GAAP vert utbyte som det er gjort framlegg om, men ikkje vedteke, presentert som gjeld. Etter IFRS, er ikkje utbyte klassifisert som gjeld før det er vedteke. Framlegg til utbyte inngår difor i eigenkapitalen til banken, inntil vedtak om utdeling har funne stad.

4.9 Presentasjon – "Totalresultat"

Etter N-GAAP vert ein resultatoppstilling som til slutt viser resultatet i perioden presentert. Etter IFRS vert det skilt mellom resultatpostar som inngår i "resultat" og



”andre inntekter og kostnader” som bere inngår i ”totalresultat”. ”Andre inntekter og kostnader/utvida resultat” kan presenterast som ein separat oppstilling eller som ein del av resultatoppstillingen. Indre Sogn Sparebank har valt sistnemnde løysing. Verdiregulering av verdipapir tilgjengeleg for sal vil inngå i ”utvida resultat”, også akkumulert positiv revaluering av tomter.

4.10 Presentasjon – oppstilling over endringar i eigenkapitalen

Etter IFRS skal det utarbeidast ein oppstilling over endringar i eigenkapitalen i løpet av rekneskapsperioden. Oppstillingen skal spesifisera alle spesifikke endringar i eigenkapitalen i løpet av rekneskapsperioden og skil mellom endringar som følgje av resultat og utvida resultat.

4.11 Presentasjon – oppstillingsplanar

Oppstillingsplanane etter N-GAAP vil i vesentleg grad bli vidareførde, men enkelte endringar og samanslåingar er påkrevd etter IFRS. Den mest vesentlege endringa gjeld nye linjer under eigenkapitalen.

4.12 Effektar ved overgang til IFRS pr. 01.01.2010:

Oppsettet på neste side viser effektane av overgang frå N-GAAP til IFRS pr. 01.01.2010:



Tal i 1.000

Netto utlån til kundar

N-GAAP per 31.12.2009	2.438.565
Tilbakeføring av inntekter frå eingangsgebyr, til amortisering i seinare år	-3.315
Balanseføring av garanterte valutalån til kundar formidla gjennom annan bank	73.071
IFRS per 01.01.2010	2.508.321

Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet

N-GAAP per 31.12.2009	195.362
Oppskrivning til verkeleg verdi av obligasjonsporteføljen og aksjar tidlegare klassifisert som omløpsmidlar	1.085
IFRS per 01.01.2010	196.447

Verdipapir tilgjengeleg for sal

N-GAAP per 31.12.2009	46.750
Oppskrivning til verkeleg verdi av strategiske investeringar i aksjar	14.769
IFRS per 01.01.2010	61.519

Utsett skattefordel

N-GAAP per 31.12.2009	2.023
Endring i utsett skattefordel som følge av verdiendringar i balansepostar	141
IFRS per 01.01.2010	2.164

Varige driftsmidlar

N-GAAP per 31.12.2009	26.669
Oppskrivning til marknadsverdi av bygningar	11.892
IFRS per 01.01.2010	38.561

Anna gjeld

N-GAAP per 31.12.2009	5.464
Motpost til balanseføring av garanterte valutalån	73.071
IFRS per 01.01.2010	78.535



Tal i 1.000

Påløpne kostnader

N-GAAP per 31.12.2009	15.280
Flytting til egenkapital av foreslått, enno ikkje utbetalt utbyte	-537
IFRS per 01.01.2010	14.743

Pensjonsforpliktingar

N-GAAP per 31.12.2009	123
Endring i pensjonsforpliktingar som følgje av tilbakeføring av ikkje resultatførde estimatawik	9.479
Overføring av overfinansiert ordning	-1.076
IFRS per 01.01.2010	8.526

Ansvarleg lånekapital

N-GAAP per 31.12.2009	121.850
Amortisering av underkurs	687
IFRS per 01.01.2010	122.537

Opptent egenkapital

N-GAAP per 31.12.2009	120.760
Foreslått, enno ikkje utbetalt utbyte til utjamningfond	537
Verdiendring av balansepostar til fond for urealiserte gevinstar	14.406
IFRS per 01.01.2010	135.166



5 Transaksjonar med nærstående

i 1.000 kr

Tillitsvalde/leiing	Utlån pr. 31.03.11	Innskot pr. 31.03.11
Styret		
* Siri Lagmannsås, leiar	5	2.288
Leif Åberge, nestleiar	2.300	32
Sonja-Mari H. Atterås, medlem	590	6
**Harald Blaaflat Mundal, medlem	537	183
Janne Dokken, medlem	1.332	14
Sum styret	4.764	2.523
Leiande tilsette/leiargruppa i banken		
Egon Moen, adm banksjef	2.099	0
Karin Vikane, ass.banksjef	600	802
Anita Lægreid, sjef næringsliv	1.944	19
Lars Grenager, sjef personmarknad	3.382	155
Sum leiinga	8.025	976
Totalsum utlån/innskot	12.789	3.499

*Styreleiar i 2011, Siri H. Lagmannsås er dagleg leiar for Økonomiservice AS, som pr. 31.03.2011 hadde samla innskot på NOK 2,225 mill. som står oppført på ho.

**Styremedlem i 2011, Harald Blaaflat Mundal dagleg leiar for Lite Nytt AS, som pr. 31.03.2011 hadde samla utlån på NOK 0,099 mill. som står oppført på han.

6 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekomme hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i, rekneskapet eller i notar til rekneskapet.



7 Segmentinformasjon

Utlånsfordeling

	31.03.2011	31.03.2010	2010 +/-
			i 1.000 kr
Lønstakarar	2.151.235	1.972.311	13.461
Jordbruk, skogbr., fiske	45.979	44.266	450
Industri	32.750	44.713	-4.037
Bygg og anlegg	69.904	134.575	-1.846
Handel, hotell, transp,ten	157.823	114.134	8.054
Finasiering., eigedomsdr.	250.256	218.043	-27.184
Off. forv. og andre	33.560	14.137	-4.250
Sum utlån før nedskrivningar	2.741.507	2.542.179	-15.352
Individuelle nedskrivningar	-17.797	-15.625	-1.331
Gruppevise nedskrivningar	-4.600	-6.400	700
Sum utlån til kundar	2.719.110	2.520.154	-15.983

Innskotsfordeling

	31.03.2011	31.03.2010	2010 +/-
Lønstakarar	1.194.365	1.099.127	30.682
Jordbruk, skogbr., fiske	37.667	38.099	-1.875
Industri	20.101	27.672	-13
Bygg og anlegg	32.965	65.940	-27.606
Handel, hotell, transp,ten	59.391	119.949	15.075
Finasiering, eigedomsdr.	255.745	170.251	26.021
Off. forv. og andre	245.685	127.378	-42.741
Sum innskot	1.845.919	1.648.416	-457



8 Misleghald og tap på utlån

i 1.000 kr			
a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement			
Misleghald over 90 dagar	31.03.2011	31.03.2010	31.12.2010
Misleghald næringslivskundar	5.174	14.056	5.082
Misleghald personkundar	23.804	20.123	18.607
= Brutto misleghaldne engasjement	28.978	34.179	23.689
- Individuelle nedskrivningar	4.747	5.319	5.360
= Netto misleghaldne engasjement	24.231	28.860	18.329
Misleghald over 30 dagar			
Misleghald næringslivskundar	8.222	21.053	8.462
Misleghald personkundar	30.735	28.834	37.339
= Brutto misleghaldne engasjement	38.957	49.887	45.801
- Individuelle nedskrivningar	4.747	6.860	5.560
= Netto misleghaldne engasjement	34.210	43.027	40.241
Tapsutsette engasjement 30 dagar			
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	31.637	35.739	32.480
- Individuelle nedskrivningar	13.250	8.765	1.105
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	18.387	26.974	31.375
Tapsutsette engasjement 90 dagar			
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	31.637	41.068	32.744
- Individuelle nedskrivningar	13.250	10.306	11.306
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	18.387	30.762	21.438
b) Kostnadsførte tap gjennom året			
	1. kvartal 2011	1. kvartal 2010	2010
Endring i individuelle nedskrivningar i året	1.331	-1.422	-381
+/- Endring i gruppenedskrivning på utlån gjennom året	-700	-300	-1.400
+ Konstanterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne	324	2.326	5.271
+ Konstanterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne	155	27	1.067
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap	76	592	163
= Tapskostnader i inneverande år	1.034	39	4.394
Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året			
+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	16.466	17.047	17.047
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	324	2.352	5.143
+ Netto auka individuelle nedskrivningar gjennom året	2.661	1.000	6.710
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	300	1.000	4.808
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	1.306	1.070	6.956
= Individuelle nedskrivningar på utlån per 31.12	17.797	15.625	16.466
Tapsavsetninger på garantier	200	0	200
Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året			
Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	5.300	6.700	6.700
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	-700	-300	-1.400
= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån	4.600	6.400	5.300
c) Inntektsførde renter der det er føreteke nedskrivning			
	1. kvartal 2011	1. kvartal 2010	2010
Inntektsførde renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	900	845	1.822



9 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Netto engasjement		%	
	31.03.2011	31.03.2010	31.03.2011	31.03.2010	31.03.2011	31.03.2010	31.03.2011	31.03.2010
Låg	2.748.148	2.488.136	0	1.510	2.665.984	2.411.825	82,3 %	81,3 %
Normal	165.950	180.146	300	1.438	165.650	178.708	5,1 %	6,0 %
Høg	48.761	90.434	12.250	9.669	36.511	80.765	1,1 %	2,7 %
Problemengasjement	20.878	14.464	5.409	2.663	15.669	11.801	0,5 %	0,4 %
Ikkje klassifiserte	353.788	284.508	38	345	353.750	284.163	10,9 %	9,6 %
Sum	3.337.524	3.057.688	17.997	15.625	3.237.563	2.967.262	100,0 %	100,0 %

Brutto engasjement inkluderer utlån til kundar før nedskrivning, ubenyttede kredittammer, garantiar og unyttede garantitammer.

10 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr.

Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				31.03.2011	31.03.2010	31.12.2010	
Obligasjonslån							
NO0010299308	17.01.2006	17.01.2011	45.000	0	45.113	38.156	3 mnd. NIBOR + 0,19 % 1)
NO0010403744	14.12.2007	12.12.2010	78.000	0	77.560	0	3 mnd. NIBOR + 0,45 %
NO0010451313	15.08.2008	15.08.2011	200.000	200.513	200.160	200.641	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010462070	29.09.2008	29.03.2011	40.000	0	40.100	40.165	3 mnd. NIBOR + 2,00 %
NO0010521594	17.06.2009	15.06.2012	150.000	150.190	149.914	150.291	3 mnd. NIBOR + 1,50 %
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	164.675	114.749	164.770	3 mnd. NIBOR + 1,15 % 2)
NO0010576812	09.06.2010	09.01.2012	75.000	75.135	0	75.181	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	100.000	100.177	0	100.261	3 mnd. NIBOR + 1,30 %
NO0010604887	15.03.2011	15.03.2013	100.000	100.202	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
Sum sertifikat- og obligasjonslån				790.892	627.596	769.465	
Ansvarleg lånekapital							
NO0010309537	03.05.2006	03.05.2016	50.000	50.235	50.132	49.988	3 mnd. NIBOR + 0,50 %
		Vert innfridd 03.05.2011					
Fondsobligasjonar							
NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande	40.000	40.053	39.678	40.063	3 mnd. NIBOR + 2,15 %
		Calldato 29.09.2014					
Statens Finansfond	01.12.2009	Evigvarande	33.000	33.338	33.653	35.332	Referanserente + 6,00 %
Sum ansvarleg lånekapital				123.626	123.463	125.383	

* Referanserenta tilsvarar gjennomsnittet av dei fem siste handledagar før rentefastsejingsdag for norsk syntetisk årlig effektiv rente på statskassevekslar med 6 måneders bindingstid som notert på Noregs Bank sine nettsider. Margin er sett til 6,0 %.



11 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr

	31.03.2011	31.03.2010	31.12.2010
Kjernekapital:			
Grunnfondsbevis	63.250	63.250	63.250
Overkursfond	1.187	1.187	1.187
Sparebankens fond	120.129	116.790	120.094
Gåvefond	6.897	3.331	6.546
Utjammingsfond	2.844	609	2.414
Fondsobligasjonar	72.738	72.250	72.250
Frådrag	-19.218	-14.394	-13.980
Sum kjernekapital	247.827	243.023	251.761
Tilleggskapital:			
Ansvarleg lån	49.992	49.600	49.600
Anna tilleggskapital	6.160	6.573	0
Frådrag	-15.950	-2.830	-9.969
Sum tilleggskapital	40.202	53.343	39.631
NETTO ANSVARLEG KAPITAL	288.029	296.366	291.392
Eksponeringskategori:			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	14.899	4.992	19.888
Institusjonar	40.024	34.291	39.639
Føretak	298.540	221.246	270.690
Massemarknad	11.035	42.687	18.273
Pantesikra eigedom	1.061.478	981.439	1.078.113
Forfalne engasjement	30.002	34.430	30.046
Obligasjonar med fortrinnsrett	8.507	0	7.477
Andelar verdipapirfond	19.694	0	17.321
Andre engasjement	185.019	287.624	187.925
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	115.300	115.025	115.295
Frådrag	-44.025	-12.063	-25.238
SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.740.472	1.709.671	1.759.429
Kapitaldekning %	16,55 %	17,33 %	16,56 %
Kjernekapitaldekning %	14,24 %	14,21 %	14,31 %



12 Dei 20 største eigenkapitalbeviseigarane

Dei 20 største eigarane pr. 31.03.2011 utgjer 46,6 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
Terra utbytte VPF	58.100	9,2 %	Leif Magne Thu	8.683	1,4 %
MP Pensjonskasse	48.200	7,6 %	Egon Mogens Moen	8.244	1,3 %
Hilleik AS	33.816	5,3 %	Luster Sparebank	7.600	1,2 %
Årdal Stålindustri Eiendom AS	23.000	3,6 %	Aurland Sparebank	6.800	1,1 %
Helge Rogne	16.031	2,5 %	Leiepakking AS	6.745	1,1 %
Terra Gruppen AS	11.200	1,8 %	Vik Sparebank	6.650	1,1 %
Heyeren AS	10.000	1,6 %	Berglund AS	6.000	0,9 %
Årdal Kommune	10.000	1,6 %	Anton Kristiansen	5.000	0,8 %
Utbyttekapital AS	9.400	1,5 %	Hugin Invest AS	5.000	0,8 %
Sparebanken Vest	9.350	1,5 %	GG Eiendom AS	5.000	0,8 %
SUM				294.819	46,6 %



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

Org.nr. 837 897 912 - telefon 57 64 85 10 - nettpost@indresognsparebank.no

Ekte lokalbank

Øvre Årdal - Årdalstangen - Lærdal - Borgund - Sogndal - Bergen